

08.11.2009

Statstilsette må kjenna mållova!

Av og til lurer eg på kunnskapane til dei som arbeider på statlege, offentlege kontor, om dei kjenner Norges lover om språkbruk. I fleire tilfelle opptrer nokon direkte i strid med mållova.

Men heldigvis går det an å få i gang tankegangen deira. Det er fint! Og dette er tilfelle med dei to eksempla eg vil nemna her.

Eg har drive ei brevveksling med Skatteetaten Vest i Stavanger. Frå det kontoret vart det i starten svara på breva mine på bokmål. Eg nemnde dette for vedkommande jurist, men ho sa at ho ikkje kunne nynorsk. 'Greitt nok, men då kan du ikkje ha den jobben du har, for lova seier at du må kunna svara på både bokmål og nynorsk.' 'Det veit eg ikkje,' sa juristen. Neste brevet kom på nynorsk.

Eg sende melding inn til dagleg leiar av NAV i Kvinnherad om mangel på nynorskskjema. Reise- og søknad-omfrikort-skjema var berre å finna på bokmål. Etter at dette hadde skjedd tre gonger, kom nynorskskjema på plass; vonleg også framleis skjema på bokmål. Kjem også plakatar og fleire brosjyrar på nynorsk betrar det seg også på NAV-kontoret på Husnes.

Fint at folk går over til å følgja mållova når nokon ber om det. På ei anna sida skulle det vera unødvendig!!! Det skulle vera sjølv sagt!!

Elles må Tingrettens folk på Stord ha sine vanskar. Derfrå kjem det som regel skjema på bokmål. Eg kjenner ikkje til at tingretten har fått unnatak frå mållova!!

Slike saker vaktar vel Kvinnherad Mållag nøye på!!

Torfinn Myklebust